

IKKJE OFFENTLEG, JF. OFFENTLEGLOVA § 23

Avtale

Mellom

PricewaterhouseCoopers AS

og

Sogndal kommune

Kjøp av sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet



INNHALD

1.	Generell informasjon	3
2.	Dokument.....	3
3.	Omfang og varighet.....	3
4.	Sosial dumping.....	3
5.	Oppgaver og plikter for leverandør	3
6.	Oppgaver og plikter for oppdragsgjevar	4
7.	Honorar	4
8.	Teieplikt.....	5
9.	Bruk av underleverandører	5
10.	Oppseiing av avtalen	5
11.	Kontaktpersonar	6
12.	Konflikt	6
13.	Oppfølging og samarbeid i avtaleperioden	6



1. Generell informasjon

Denne avtalen er inngått mellom PricewaterhouseCoopers AS (i denne avtalen kalla leverandør) og Sogndal kommune (i denne avtalen kalla oppdragsgjevar).

Adresser:

PricewaterhouseCoopers AS, Parkvegen 5, 6852 Sogndal

Sogndal kommune, Gravensteinsgata 17, 6851 Sogndal

2. Dokument

Følgjande dokument er del av avtalen:

1. Avtaledokument
2. Konkurransgrunnlaget med vedlegg, inkludert spørsmål-svar
3. PricewaterhouseCoopers AS sitt tilbodet av dato 27.1.17 med vedlegg
4. Leverandør sine standard avtalevilkår

Ved eventuell motstrid gjeld dei i den opplista rekkefølga.

3. Omfang og varigheit

Partane har inngått avtale om kjøp av sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet . Avtalen gjeld oppgåvene som skildra i punkt 5 nedanfor.

Avtalen trer i kraft 01.06.2017 og vil vere gyldig i 2 år til 01.06.2019 med opsjon i 2+2 år.

4. Sosial dumping

Etter forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege avtalar gjeldande frå 1.3.2008 er det forbod mot sosial dumping i offentlege innkjøp, her under krav til arbeidsstandardar og forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstakarane skal vere sikra normale lønns- og arbeidsvilkår. Dette gjeld også for arbeidstakarar hjå eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle avtalen.

På område dekkja av forskrift om allmenngjort tariffavtale skal lønns- og arbeidsvilkår ver ei samsvar med gjeldande forskrifter.

På område som ikkje er dekkja av slik forskrift, skal lønns- og arbeidsvilkåra vere i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

Ved forespørsel skal leverandør og underleverandørar kunne dokumentere at krava er oppfylt. Dersom leverandør og/eller underleverandør ikkje kan dokumentere dette, kan dette ses på som vesentleg mislighald.

5. Oppgåver og plikter for leverandør

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 nr. 905 § 20, 2. ledd skal sekretariatet ha slik oppgåve:

"Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt."

Avtale – kjøp av sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet



Desse oppgåvene kan etter kommunelova ikkje utførast av kommunane sjølve.

Oppdrag

- o Vera sekretær for kontrollutvala med ansvar for års- og møteplanlegging, møtebøker, arkiv, årsrapportar og budsjett.
- o Førebu saker for handsaming i kontrollutvala. For saker som byggjer på rapportar og liknande frå revisor, skal sekretariatet berre vurdere om oppdraga er utført i samsvar med bestillinga.
- o Utarbeida planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- o Utarbeide rammeavtalar for forvaltningsrevisjon, og utøve bestillarfunksjon for forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og overordna analysar.
- o Utøva bestillarfunksjon for finansiell revisjon
 - a. for kommunane Aurland og Lærdal i samsvar med aktuell avtale
 - b. for dei andre kommunane: i samsvar med selskapsavtalen med Sogn og Fjordane revisjon IKS.
- o Opsjon (ikkje inkludert i fastprisen, men prisast som ein tilleggsteneste): utarbeide rammeavtale for finansiell revisjon for kommunane Aurland og Lærdal.

6. Oppgåver og plikter for oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar skal lojalt medverke til at leverandør får gjennomføre sitt oppdrag.

Kontakt frå leverandør skal svarast på utan ugrunna opphald.

Oppdragsgjevar skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som vi forstår eller bør forstå kan få betydning for gjennomføring av oppdraget, her under eventuelle forseinkingar.

7. Honorar

Pris for tenester i samsvar med denne avtalen er kr. 170 582,-.

Prisen dekker kostnader forbundet med

- 5 møte i kommunen i året
- eitt fellesmøte for kontrollutvalsleiarane i året
- gjennomføring av konkurranse for rammeavtale for forvaltningsrevisjonstenester

Tilleggstenester:

- Ekstra møte i kontrollutvalet inkludert alle førebuing og sluttarbeid – fastpris: kr. 21 960
- Utarbeiding av rammeavtale for finansiell revisjon for kommunane Aurland og Lærdal: kr 12 200 ved behov
- Timepris i høve andre aktuelle tenester:

Døme på tilleggstenester kan vere dersom ein kommune ønskjer å gjere enkeltbestillingar på forvaltningsrevisjon utanfor rammeavtale. Det kan også vere særskilte høve der ein treng mykje meir tid til saksførebuing enn normalt og etter nærare avtale. Utarbeiding av lovpålagt overordna analyse det første året av ny valperiode kan og vere ei aktuell tilleggsteneste.

Prisen er oppgitt i norske kroner, ekskl. mva., men inklusive andre eventuelle offentlege avgifter. Reise, kost, opphald og andre utgifter knytte til oppdraga er inkludert i timeprisen.

Dersom skatte- og avgiftsreglar vert endra på ein slik måte at det får innverknad på prisen, skal denne endrast tilsvarande.

Oppdragsgjevar har rett til å krevje revisjon av avtalen dersom avtalen sine vilkår i avtaleperioden er kome i utakt med tilsvarande vilkår for konkurrerande tenester i marknaden.

Oppdragsgjevar betaler ikkje for tenester utover det bestillinga omfattar utan at tenesta og prisen er skriftleg godkjent av kontrollutvalet i kommunen.

Prisjustering i avtaleperioden

Prisane skal i utgangspunktet vere faste i avtaleperioden og innehalde alle krav, vilkår og dokumentasjonar som er nedfelt i dette konkurransegrunnlaget. Ein eventuell justering av prisane skal kunne skje årleg etter konsumprisindeksen (KPI), og tidlegast første gang 1.1.2019.

Dersom endring i skatte- og avgiftsvedtak påverkar avtalt pris/påslag, vil desse som prinsipp bli endra tilsvarande.

Kontrollutvalet i kommunen skal alltid godkjenne eventuelle prisendringar før dei trer i kraft.

Betalingsvilkår

Fakturering skal i hovudsak skje i etterkant av utført oppdrag.

Faktura på EHF-format skal sendast til:

Sogndal kommune, org nr 936 401 651

Faktura skal merkast med «**Kontrollutvalet**».

Faktura skal innehalde leverandøren sitt organisasjonsnummer.

Faktura skal vere så detaljert at Sogndal kommune kan kontrollere fakturerte postar opp mot det oppdraget fakturering gjeld. Leverandør skal leggje ved dokumentasjon som er naudsynt for at fakturert sum skal kunne kontrollerast.

Dersom oppdragsgjevar nektar å godta mottatt faktura, skal dei gje varsel til leverandør om dette innan fakturaen sin dato for forfall. Varsel skal innehalde informasjon om kva oppdragsgjevar meiner manglar for at faktura skal vere korrekt. Leverandør skal utan ugrunna opphald rette opp dei manglar som ligg føre ved faktura, og sende kreditnota og ny korrekt faktura til oppdragsgjevar.

Forseinka betaling

Ved forseinka betaling reknast renter i høve til Lov om renter ved forseinka betaling.

8. Teieplikt

Teiepliktlagane i lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker 10. februar 1967 (forvaltningslova) gjeld også for leverandøren og eventuelle andre dei svarar for.

Dersom det er naudsynt skal det underteiknast ein eigen teieplikterklæring.

Teieplikta gjeld også etter utløp av avtalen.

9. Bruk av underleverandørar

Ved eventuell bruk av underleverandør er det leverandør som er ansvarleg overfor oppdragsgjevar.

10. Oppseiing av avtalen

Dersom vilkåra i avtalen ikkje vert overhaldt av partane kan avtalen omgåande selast opp av den lidande part. Oppseiinga skal skje skriftleg. Oppdragsgjevar kan heve avtalen med omgåande verknad dersom:

- Leverandøren kjem i insolvenssituasjon.
- Leverandøren gjer seg skuldig i straffbare forhold.

- Det føreligg vesentleg misleghald.

11. Kontaktpersonar

Kontaktperson oppdragsgjevar:

Namn:	Telefon:	E-post:
Jostein Aanestad	99 16 59 35	Jostein.aanestad@sogndal.kommune.no

Kontaktperson leverandør:

Namn:	Telefon:	E-post:
Richard Nesheim	95 26 13 18	Richard.nesheim@pwc.com

12. Konflikt

Partane sine rettar og plikter etter avtalen vert bestemt i sin heilskap av norsk rett.

Usemje om verknad, innhald eller gjennomføring av denne avtalen skal prøvast løyst ved forhandlingar.

Fører ikkje forhandlingane fram eller handsaming for klagenemnda, kan kvar av partane krevje saken avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Partane vedtek Sogn Tingrett som verneting.

13. Oppfølging og samarbeid i avtaleperioden

Leverandør skal informere om nyhende innan eigen fagverksemd og offentlige reglar/tilrådingar som bør komme oppdragsgjevar til kjennskap.

Oppdragsgjevar ønskjer å ha gode samarbeidsforhold med sine avtalepartnare. Dette gjeld mellom anna gjensidig informasjonsutveksling i avtaleperioden. Både oppdragsgjevar og leverandør kan kalle inn til statusmøte ved behov, der forhold knytt til avtalen vil verte tatt opp.

Eventuelle avvik i avtaleforholdet skal i fyste omgang tas opp med den aktuelle eining og prøvd løyst der.

Denne avtalen er skriven ut i 2 eksemplar, der dei underskrivne partane beheld eitt kvar.

For Sogndal kommune



Jostein Aanestad
Rådmann

Dato:

For PricewaterhouseCoopers AS



Jan Flølo
Partner

Dato: